
Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/1534-3

Dato
21.01.2014

Juridisk ansvar vedk. nettmobbing utanom skulen

Svar på munnleg spørsmål i Opplærings- og helse-utvalet 03.12.13: Juridisk ansvar vedk. nettmobbing av elevar utanom skuletid ?

Dette er eit stort og komplisert spørsmål som ikkje kan besvarast med ja eller nei. Spørsmålet må drøftast ut frå fleire perspektiv, og ein må erkjenne at det er eit område der ansvarsforhold vil ha samanheng med medieutviklinga og korleis skulen utviklar seg i tråd med denne. Digitale medier og læringsformer inneber mellom anna at skulen sin moglegheit til å definere læringssituasjonar i høve tid og stad er i endring.

Denne innleiinga er meint å gje eit utgangspunkt for ei kort drøfting av spørsmålet om juridisk ansvar vedkomande nettmobbing av elevar utanom skuletid. Kort sagt kan ein seie at frå å vere kategorisk på at skulen sitt ansvar gjeld på skulen sitt område og i skuletida, og så også på veg til og frå skulen, har ein sett ei moderering av eit skilje mellom skule og fritid. Kap. 9a i Opplæringslova¹ og rundskriv 02-2010² viser til at dersom ei handling på fritida har innverknad på det psykososiale skulemiljøet for ein eller fleire elevar, kan skulen refse utøvar av t d nettmobbing etter først å ha godtgjort at det er ein tilstrekkeleg samanheng mellom handlinga i fritida og skulen. Ei refsing må ha heimel i skulen sitt ordensreglement.

- Hovudregelen er at skulen ikkje kan regulere det som skjer på fritida gjennom ordensreglementet
- Skulen kan på visse vilkår gripe inn med reaksjon etter ordensreglementet dersom åtferd (nettmobbing) har direkte samanheng med skulemiljøet for elev/-ar etter først å ha undersøkt saka og godtgjort samanhengen
- Skulen sine normer må vere tydelege sjølv om juridisk ansvar må vurderast i kvart tilfelle. Skulen må ivareta sin funksjon som berar av verdiar, utan å overta elevane eller foreldra sitt ansvar for eigne handlingar

¹ Opplæringslova og forskrifter 2013 (Øystein Slette, red).

² Utdanningsdirektoratet Rundskriv UDIR 02-2010 Retten til et godt psykososialt miljø etter opplæringsloven kapittel 9

